



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 6

(2008–2009)

Om lov om Husbanken

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	10	Sentralt råd	21
			10.1	Høyringsutkastet frå departementet .	21
2	Bakgrunn for lovforslaget	7	10.2	Merknader frå høyringsinstansane ...	21
			10.3	Vurderingar frå departementet	21
3	Høyring	9	11	Klageordning	22
4	Namn	10	11.1	Gjeldande rett	22
			11.2	Høyringsutkastet frå departementet .	22
5	Oppgåvene til Husbanken	11	11.3	Merknader frå høyringsinstansane ...	22
5.1	Gjeldande rett	11	11.4	Vurderingar frå departementet	22
5.2	Høyringsutkastet frå departementet	11			
5.3	Merknader frå høyringsinstansane ..	11	12	Handsaming av husbanksaker i kommunane	24
5.4	Vurderingar frå departementet	11	12.1	Gjeldande rett	24
6	Verkeområde for lova	13	12.2	Høyringsutkastet frå departementet .	24
			12.3	Merknader frå høyringsinstansane ...	24
7	Tilknytning til staten	14	12.4	Vurderingar frå departementet	24
7.1	Gjeldande rett	14	13	Pålegg om lettat i eigedoms-skatten	25
7.2	Høyringsutkastet frå departementet	14	13.1	Gjeldande rett og praksis	25
7.3	Merknader frå høyringsinstansane ..	14	13.2	Høyringsutkastet frå departementet .	25
7.4	Vurderingar frå departementet	14	13.3	Merknader frå høyringsinstansane ...	25
7.5	Konsekvensar av at Husbanken vert eit forvaltningsorgan	15	13.4	Vurderingar frå departementet	25
8	Leiing av Husbanken	17	14	Føresegner om låneverksemnda	26
8.1	Gjeldande rett	17	14.1	Gjeldande rett	26
8.2	Høyringsutkastet frå departementet ...	17	14.2	Høyringsutkastet frå departementet .	26
8.3	Merknader frå høyringsinstansane ..	17	14.3	Merknader frå høyringsinstansane ...	26
8.4	Vurderingar frå departementet	18	14.4	Vurderingar frå departementet	26
9	Regionale råd	19	15	Økonomiske og administrative forhold	28
9.1	Gjeldande rett	19			
9.2	Høyringsutkastet frå departementet	19	16	Merknader til føresegnene	29
9.3	Merknader frå høyringsinstansane ..	19			
9.4	Vurderingar frå departementet	19			
				Forslag til lov om Husbanken	32



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 6

(2008–2009)

Lov om Husbanken

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 17. oktober 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og regionaldepartementet legg med dette fram eit forslag til ei ny lov om Husbanken. Forslaget skal erstatta lov 1. mars 1946 nr. 1 om Den Norske Stats Husbank. Proposisjonen byggjer på eit høyringsnotat utarbeidd av departementet og dei utsegner som er komne inn frå høyringsinstansane.

Lova skal vera ei fullmaktslov som gjev det formelle grunnlaget for styring og organisering av Husbanken. Forslaget endrar ikkje dei politiske oppgåvene som er lagde til Husbanken. Husbanken skal gjennomføra den politikken regjeringa fastset og som mellom anna vert vedteken i dei årlege statsbudsjetta. Dei økonomiske verkemidla som Husbanken rår over skal framleis ha si rettslege forankring i forskrifter.

Det offisielle namnet, «Den Norske Stats Husbank», vert føreslått erstatta med den korte og allment nytta versjonen «Husbanken», og dette skal nyttast i alle samanhengar.

Det vert føreslått ei eiga føresegn som framhevar dei oppgåvene Husbanken skal ha. Den viktigaste oppgåva er å fremja den statlege bustadpolitikken. Husbanken skal forvalta bustønad, låne- og tilskotsordningar og medverka til å formidla kunnskap innfor det bustadpolitiske området. Dernest skal departementet framleis ha høve til å gje Husbanken andre oppgåver, og det vert presisert at Husbanken kan ha oppgåver på andre statlege politikkområde, slik praksis er i dag.

Det vert føreslått at Husbanken skal vera eit statleg forvaltningsorgan under departementet, slik tilhøvet reelt sett er i dag. Husbanken skal ikkje lenger ha eit hovudstyre, men verta direkte styrt frå departementet. Dagens regionstyre vert erstatta med regionale råd. Råda skal vera eit bindeledd mellom Husbanken regionalt og andre aktørar, spesielt kommunane, og på den måten medverka til å utvikla og gjennomføra bustadpolitikken. Det er departementet som skal utnemna råda.

Dei regionale råda vil samla utgjera eit sentralt råd som såleis vil ha medlemmer med røynsle frå praktisk gjennomføring av bustadpolitikk. Dette rådet skal ha som hovudoppgåve å gje departementet råd i store og prinsipielle saker og i utforming av bustadpolitikken.

Husbanken skal leiast av ein administrerande direktør som vert utnemnd av Kongen i statsråd. Gjeldande praksis med at Husbanken opptretr som part i rettssaker vert føreslått lovfesta.

Forslaget inneber at det er departementet som er klageinstans for dei vedtak om lån og tilskot som Husbanken gjer, men departementet kan gjera andre organ til klageinstans. Føresegna i forvaltningslova om klage skal elles gjelda.

Gjeldande lovføresegner om at verksemda til Husbanken vert finansiert ved løyvingar over statsbudsjettet og ved lån frå staten vert førte vidare i den nye lova. Som ei følgje av at Husbanken vert eit

forvaltningsorgan, er det ikkje lengre nødvendig med føresegner i lova om rekneskap, revisjon og kontroll av verksemda. Føresegnene om at Husbanken skal ha eit grunnfond og eit risikofond er føreslåtte oppheva.

Husbanken skal ikkje lenger kunna påleggja kommunane oppgåver i samband med handsaminga av husbanksaker. Det same gjeld retten til å påleggja kommunane å redusera eigedomsskatten på bustader med husbanklån.

Gjeldande føresegner om utlån vert føreslåtte forenkla, men utan at rettstilstanden vert endra. Dagens lovføresegner om sikring av utlån skal

takast i forskrifter. For å gjera det klart at Husbanken har avgrensa fullmakter, skal lova framleis ha føresegner om fastsetjing av lånevilkår, om utsetjing med tilbakebetaling og om gjeldsforhandlingar. Utlånsvilkåra som Husbanken kan tilby skal koma fram i forskrift. Gjeldande føresegner om at Husbanken kan ettergje krav som det er umogleg å krevja inn, vert vidareførte i ny lov.

Lovrevisjonen omfattar ikkje gjeldande lovreglar om bustønadordninga. Det føregår ein brei gjennomgang av bustønadordninga, der siktemålet er ei ny, forbetra og forenkla ordning. Inntil vidare vil dagens føresegner gjelda.

2 Bakgrunn for lovforslaget

Dei bustadpolitiske oppgåvene til Husbanken vart drøfta av Stortinget ved sakshandsaminga av St.meld. nr. 23 (2003-2004) om Boligpolitikken (bustadmeldinga), Innst. S. nr. 229 (2003-2004). Hovudtrekka i rollefordelinga i bustadpolitikken har i lang tid lege fast. Staten fastset bustadpolitiske mål og juridiske rammevilkår, tilbyr økonomisk stønad til særlege føremål og hjelper med tiltak for å heva bustadfagleg kompetanse. Husbanken skal vera det statlege organet for gjennomføring av bustadpolitikken.

Stortinget gjennomgår òg bustadpolitikken og verkemidla til Husbanken ved handsaming av dei årlege statsbudsjetta. Hovudmålsettinga er at alle skal kunna bu godt og trygt. Husbanken har fått i oppgåve å gje grunnlån til bustadbygging og startlån til kommunar for vidare tildeling til dei som har vanskar med å få lån andre stader. Vidare forvaltar Husbanken fleire tilskotsordningar og den statlege bustonadordninga. Husbanken er eit kompetansesenter som samlar og spreier kunnskap om gode arbeidsmetodar og vellukka løysingar, mellom anna for stadutvikling og byggeskikk og for å skaffa bustad for dei bustadlause. Denne typen oppgåver får stadig større aktualitet.

Sjølv om Husbanken først og fremst har ein bustadpolitisk funksjon, høyrer ein rekkje av oppgåvene inn under andre statlege politikkområde. Over tid har Husbanken hatt verkemiddel knytt til sosialpolitikk, helse og omsorg, integrering, utdanning, kultur, miljø, nærings- og distriktpolitikk. Husbanken finansierer i dag bygging av nye barnehagar, omsorgsbustader og sjukeheims plassar, studentbustader, skuleanlegg og istandsetjing av kyrkjer.

Medan statsbudsjettet omhandlar det politiske fundamentet for verksemda, gjev husbanklova det rettslege fundamentet til Husbanken. Lova er endra ei rekkje gonger, men det er ikkje tidlegare gjennomført ein fullstendig revisjon av lova. Siste gongen Stortinget gjorde vesentlege endringar i lova var ved handsaminga av Ot.prp. nr. 74 (1999-2000), der det mellom anna vart vedteke endringar om dei styrande og kontrollerande organa til Husbanken.

Lova må spegla den verksemda Husbanken har i dag og kan forventa å få. Husbanken er ei verksemd som står overfor raskt endra rammevilkår. Regelverket må difor gjera det mogleg å føra ein aktiv og effektiv bustadpolitikk og gje samstundes rom for framtidig politisk handlefridom. Dei verkemidla ein har i dag er i det vesentlege nedfelte i forskrifter gjevne av departementet og i retningslinjer gjevne av Husbanken. Departementet har i dette forslaget lagt opp til at denne regelverkstrukturen skal først vidare.

Husbanklova gjev grunnlaget for organiseringa av Husbanken og tilknyttinga til dei politiske styresmaktene. Hovudtrekka i tilknyttinga til staten skriv seg frå etableringa i 1946, då den vart tilpassa den statlege bankverksemda. Denne verksemda var meir forretningsprega enn anna statleg forvaltningsverksemd og kravde difor eit visst sjølvstende i forhold til staten.

Parallelt med endringane av oppgåvene til Husbanken har det vore ei generell utvikling i organiseringa av statsforvaltninga. Det vert trekt eit klare skilje mellom statlege forvaltningsorgan og dei organa som er skilt ut som sjølvstendige rettssubjekt. Institusjonar som er karakteriserte som statsbankar har òg vore omfatta av denne utviklinga. Dette kjem tydeleg fram i forskjellen mellom lov 19. desember 2003 nr. 130 om Innovasjon Noreg og lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte, som omhandlar Statens lånekasse for utdanning. Førstnemnde er eit sjølvstendig rettssubjekt, medan sistnemnde er eit forvaltningsorgan.

Styringsprinsippa og organiseringa av den statlege forvaltninga har òg utvikla seg, og statlege forvaltningsorgan har fått vidare fullmakter. Dei kontroll- og styringssystema departementa har overfor underliggjande organ er tilpassa denne utviklinga.

I lys av den generelle utviklinga og endringane i oppgåvene til Husbanken, føreslår departementet ein fullstendig revisjon av husbanklova.

Dei administrative føresegnene for Husbanken, medrekna føresegnene om tilknytning og organisasjon, legg premissar for den direkte politiske styringa av verksemda. For å sikra ei effektiv styring er det føreslått at Husbanken skal vera eit stat-

leg forvaltningsorgan utan hovudstyre. Regionstyra vert erstatta med regionale råd, og dei regionale råda vil saman utgjera eit sentralt råd for departementet. Desse endringane fører til forenk-

lingar i lova, mellom anna vert det ikkje nødvendig med føresegner om rekneskap, revisjon og kontroll av verksemda. Fleire føresegner om låneverksemda er òg føreslått oppheva.

3 Høyring

Lovforslaget vart sendt på høyring 06.02.2008 til:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Barne- og likestillingsdepartementet
Finansdepartementet
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justisdepartementet
Kultur- og kyrkjedepartementet
Kunnskapsdepartementet
Miljøverndepartementet

Fylkesmennene
Alta kommune
Bergen kommune
Kristiansand kommune
Oslo kommune
Porsanger kommune
Rana kommune
Ski kommune
Stavanger kommune
Stokke kommune
Tromsø kommune
Trondheim kommune
Vågan kommune

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Brønnøysundregistrene
Den Norske Stats Husbank
Forbrukarrådet
Klagenemnda til Husbanken
Kredittilsynet
Regjeringsadvokaten
Riksrevisjonen
Statens bygningstekniske etat (BE)
Statens lånekasse for utdanning
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Byggenæringens Landsforening
Den Norske Advokatforening
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Huseiernes Landsforbund
Kommunenenes Sentralforbund
Leieboerforeningen Oslo
Oslo Bolig og Sparelag (OBOS)
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)

Sparebankforeningen

Desse instansane har oppgjeve at dei ikkje har merknader til forslaget:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Barne- og likestillingsdepartementet
Brønnøysundregistrene
Helse- og omsorgsdepartementet
Kredittilsynet
Kultur- og kyrkjedepartementet
Kunnskapsdepartementet
Porsanger kommune
Statens bygningstekniske etat (BE)

Dei høyringsinstansar som har kome med utsegner er:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD)
Husbanken
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Justisdepartementet (JD)
Miljøverndepartementet
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)
Riksrevisjonen
Sysselmannen på Svalbard
Trondheim kommune

Departementet har òg fått merknader til forslaget frå

Atle Østby
Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI)
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)

Det har kome få innvendingar til forslaget. Dei merknadene som er knytte til dei konkrete forslaga i lova vert nedanfor handsama under dei punkta dei gjeld.

Inntrykket frå dei generelle merknadene frå høyringsinstansane er at forslaget er godt motteke. Det vert mellom anna peikt på at den formelle endringa av status gjev klarare ansvarsforhold mellom Husbanken og departementet, og at modellen gjev departementet betre høve for styring av Husbanken. Forslaget vert betre tilpassa dei oppgåvene og den funksjonen som Husbanken har i dag.

4 Namn

Gjeldande lov heiter lov om Den Norske Stats Husbank. Det er berre i lova og i offentlege dokument at langforma, «Den Norske Stats Husbank» (på nynorsk: «Statens Husbank») vert nytta. I dagleg-tale og over alt elles vert kortforma, «Husbanken», brukt.

Namnet «Husbanken» er godt innarbeidd og registrert som varemerke. Departementet føreslår difor at det offisielle namnet vert «Husbanken», og at dette går fram av lova. Kortforma kan nyttast i begge målformer.

5 Oppgåvene til Husbanken

5.1 Gjeldande rett

Hovudtrekka i gjeldande føremålsparagraf har stått uendra sidan 1946. Det følgjer av § 1 at føremålet til Husbanken først og fremst er knytt til finansiering av bustader. Lova nemner konkret at Husbanken skal gje lån eller garanti for lån mot tryggleik i påbygde eigedomar, formidla støtte frå staten og kommunane til bustadbygging og andre bustadføremål, og løyva eller garantera byggjelån. Departementet kan i særlege høve gje Husbanken oppgåver som ikkje er nemnde i lova.

Vidare kan departementet gje nærare retningsliner og forskrifter for verksemda. Dei meir konkrete politiske føremåla vert fastsette i dei enkelte forskriftene for låne- og tilskotsordningane, som vert utforma med utgangspunkt St. prp. nr. 1.

5.2 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet meinte at lova burde ha ein «føremålsparagraf» som skulle fastsetja føremålet med å ha Husbanken som ein særskild institusjon. Departementet føreslo difor at føremålsparagrafen kort skulle nemna politikkområdet og gje ein generell omtale av oppgåvene.

Det vart føreslått at Husbanken skal fremja den statlege bustadpolitikken, og at Husbanken skal forvalta låne- og støtteordningar og medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat. Vidare vart det føresett at departementet skal kunna gje Husbanken andre oppgåver, medrekna å forvalta ordningar på andre statlege politikkområde, slik han gjer i dag. Til sist vart det føreslått at departementet kan gje nærare retningsliner og forskrifter om verksemda til Husbanken.

Det vart ikkje føreslått føresegn om føremålet med dei økonomiske verkemidla til Husbanken. Desse føremåla skal framleis regulert i dei enkelte forskriftene.

5.3 Merknader frå høyringsinstansane

Justisdepartementet meiner det er lite føremålstenleg å ha ei eiga føresegn om føremål i lova, og føreslår å omforma paragrafen til «*oppgåvene til Husbanken*». Vidare meiner dei at ein lov ikkje bør nytta omgrep som «den statlege bustadpolitikken» og «det bustadpolitiske området». Justisdepartementet meiner òg at formuleringa om å «utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat» ikkje er avklarande, og at det bør skiljast mellom dei organisatoriske føresegnar om Husbanken og departementet på den eine sida og føresegnar om tilhøve til tredjepersonar på den andre sida.

Riksrevisjonen føreslår å innarbeida ei setning i lova om samanhengen mellom lova og forskriftene om dei økonomiske verkemidla.

Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL) ynskjer at lova skal gje klarare signal om føremålet til Husbanken og føreslår å ta inn i lova at Husbanken skal vera eit statleg bustadpolitisk verkemiddel for å korrigera bustadmarknaden. Vidare ynskjer NBBL ei klarare markering av den rolla Husbanken har som bustadfaglig kunnskaps- og kompetansesenter i bustadsektoren.

NBBL meiner at det berre bør vera unnataksvis at Husbanken skal driva med finansieringsproblematikk rundt barnehager, skuler og kyrkjer, medan *Miljøverndepartementet* støttar at lova opnar for at Husbanken kan føra vidare det arbeid som banken gjer på det miljøpolitiske området.

Husbanken meiner at bustønad bør nemnast utrykkeleg som ei av dei ordningane som Husbanken skal forvalta. Vidare føreslår Husbanken at det skal presiserast at rolla som kompetansesenter skal vera «innafor det bustadpolitiske området».

5.4 Vurderingar frå departementet

Departementet er samd med Justisdepartementet i at føresegnar ikkje gjeld føremålet og at «oppgåver» difor er ei betre nemning av paragrafen.

Kjerneoppgåva til Husbanken er og skal framleis vera å fremja den statlege bustadpolitikken. Dette er i samsvar med Stortingets handsaming av

bustadmeldinga. Kommunalkomiteen slutta seg i Innst. S. nr. 229 (2003-2004) til den etablerte rollefordelinga i norsk bustadsektor der Husbanken har fått eit hovudansvar som utøvande aktør. Dette må difor framhevast i føresegna. I tråd med forslaget frå Justisdepartementet heiter det i lovforslaget at «Husbanken skal fremja bustadføremål i samsvare med overordna retningslinjer».

Sjølv om det ikkje kjem fram i gjeldande lov, er Husbanken nært knytt til oppgåva med å setja folk i stand til å skaffa seg ein bustad. Låne- og tilskotsordningane til Husbanken skal framleis medverka til å dekkja det grunnleggjande behovet for å kunna bu godt og trygt. Departementet meiner likevel at lova ikkje skal fastsetja kva slags økonomiske verkemiddel Husbanken skal ha og måla for ordningane. Desse vert fastsette av Stortinget ved handsaming av St.prp. nr. 1 og i forskrifter. Til dømes vart «ein velfungerande bustadmarknad» sett som eit hovudmål for programområde Bustad, bumiljø og bygg i St.prp. nr. 1 (2008-2009). Denne praksisen overfor Stortinget balanserer omsynet mellom politisk forankring og handlefridom for statsråden. Departementet er difor ikkje samd i at lova skal fastsetja måla om å korrigera bustadmarknaden, slik NBBL føreslår.

Gjeldande praksis, med å forankra verkemidla i forskrift og ikkje i lova, har vist seg svært godt egna. Måla for dei enkelte ordningane kan endrast i takt med endring av dei politiske prioriteringane til regjeringa. Dette kan skje oftare enn det som er mogeleg å få til ved å følgja dei pålagte prosessar for lovendringar. Stortinget styrer uansett verkemiddelbruken ved vedtak om økonomiske løyvingar. Regjeringa har elles styringa og kontrollen

med Husbanken. Merknaden frå Riksrevisjonen, om å synleggjera samanhengen mellom lov og forskrift, er tatt til følgje i § 1 som seier at departementet kan gje forskrift om både verksemd og om verkemiddel. Dette tek òg omsyn til ein merknad frå Justisdepartementet slik at ein får fram skilnaden mellom forskrifter om *verksemda*, som vil gjelda for Husbanken, og forskrifter om *verkemidla*, som òg vil gjelda for tredjepersonar.

Husbanken skal forvalta låne- og tilskotsordningar. Sjølv om bustønad kan medreknaast under tilskot, ser departementet at det kan vera føremålstenleg at bustønad vart nemnd særskild i føresegna, slik Husbanken peikar på.

Husbanken skal i tillegg kunna forvalta andre oppgåver, medrekna oppgåver på andre statlege politikkområde. Føresegna tek høgde for dette, utan at oppgåvene vert nærare nemnde i lova. Husbanken har ei rekkje oppgåver på andre statlege politikkområde, mellom anna å finansiera barnehagar, kyrkje, skule og studentbustader. Husbanken har kompetanse og praktiske føresetnader for å løysa og forvalta slike oppgåver på ein god måte, ved sida av dei bustadpolitiske oppgåvene. Departementet er difor ikkje samd med NBBL i at lova skal seia at dette berre skal skje unnataksvis.

Det er ikkje gjevne forskrifter for informasjons- og påverknadsarbeidet i Husbanken, og desse oppgåvene vert difor omtalt særskild i lovforslaget. Ved å presisera at Husbanken skal medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat «innafor sitt saksområde», vert rolla som kompetansesenter betre konkretisert, slik både Husbanken, Justisdepartementet og NBBL ynskjer.

6 Verkeområde for lova

Det følgjer av gjeldande lov at Kongen kan gjera heile eller delar av lova gjeldande for Svalbard med omsyn til dei endringar som er nødvendige. Det er gjeve forskrift som gjer at lova i utgangspunktet gjeld for Svalbard.

Departementet føreslo å vidareføra denne føresegna i lova.

Justisdepartementet meinte at det må koma tydeleg fram at den nye husbanklova skal gjelda for

Svalbard og at det må lagast ei ny forskrift for Svalbard, som trer i kraft samstundes med den nye lova.

Kommunal- og regionaldepartementet er einig i dette, og føreslår difor å fastsetja i føresegna at lova skal gjelda for Svalbard. Departementet kan fastsetja særlege reglar ut ifrå forholda på staden.

7 Tilknytning til staten

7.1 Gjeldande rett

Husbanken har i dag eit hovudstyre og eit regionstyre for kvar av dei seks regionkontora. Klager på vedtak om lån og tilskot vert handsama av ei uavhengig klagenemnd.

Det følgjer av § 5 i den gjeldande lova at hovudstyret leiar Husbanken. Dette gjev hovudstyret eit formelt sjølvstende, noko som òg vert understreka ved føresegna om at banken vert forplikta ved underskrift av to styremedlemer, og at Husbanken har eit grunnfond på 20 millioner kroner og eit risikofond på 10 millioner kroner.

Når § 11 seier at hovudstyret gjev lån, er det lagt opp til at Husbanken ikkje skal instruerast i dei enkelte avgjerder om å gje lån, sjølv om lova gjev departementet heimel til å gje retningslinjer og forskrifter om dette. Utgangspunkta i lova har medført at Husbanken i juridisk teori er definert som eit stiftingliknande organ utanfor staten.

Trass i dette har Husbanken i dag så mange og nære tilknytningar til dei statlege styresmaktene at han i realiteten må reknast som ein del av staten. Husbanken følgjer dei lovene som gjeld generelt for offentleg verksemd, og heile det gjennomgåande statlege regelverket gjeld for Husbanken. All verksemd, medrekna låne- og tilskotsramma, er bruttobudsjettert over statsbudsjettet. Administrerende direktør vert utnemnd av Kongen i statsråd.

Styringa av Husbanken er i praksis lik anna etatsstyring i statsforvaltninga. I tråd med moderne styringsprinsipp gjev departementet Husbanken stor fridom med omsyn til korleis han løyser oppgåvene. Husbanken har i dag ikkje vidare fullmakter enn andre forvaltningsorgan ein kan samanlikna med, og vert handsama administrativt som eit statleg forvaltningsorgan.

Departementet sitt overordningsforhold kjem òg fram i gjeldande lovreglar om rekneskap og revisjon. Ved lovendring i 2000 vart det fastslått at Riksrevisjonen fører kontroll med verksemda. Prinsippa for finansiering og rekneskapsføring i statsbankane vert fastsette av Finansdepartementet.

7.2 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo at Husbanken skal vera eit statleg forvaltningsorgan underlagd departementet. Husbanken vil såleis både juridisk og økonomisk vera ein del av staten. Staten vil hefta for skyldnadene til Husbanken, og når leiinga i Husbanken disponerer over midlar, vil det vera midla til staten det vert disponert over.

Når Husbanken skal vera eit statleg forvaltningsorgan, direkte underlagt departementet, vert behovet for føresegner i lova redusert. Sjølv om det ikkje vil vera nødvendig med lovføresegner om verksemda og organiseringa av Husbanken, føreslo departementet likevel nokre føresegner om dette.

Gjeldande §§ 4 og 5, 3.ledd, om oppretting av regionkontor og utnemning av administrerende direktør, vart føreslått vidareførde i forenkla form.

Av di Husbanken skal vera eit forvaltningsorgan, vart gjeldande føresegner om grunnfond og risikofond, samt føresegner om rekneskap og kontroll, ikkje førte vidare i lovforslaget.

Departementet føreslo ei lovføresegn som inneber at Husbanken sjølv kan opptre som part i rettssaker som er knytte til verksemda.

7.3 Merknader frå høyringsinstansane

Dei høyringsinstansar som har uttala seg om dette, støttar forslaget om at Husbanken skal vera eit forvaltningsorgan.

Husbanken meiner det er uheldig at departementet kan fastsetja organisering av hovudkontor og regionkontor. Direktøren bør framleis ha ansvar for organisering/omorganisering med omsyn til ein forsvarlig, effektiv og målretta organisering av kontora.

7.4 Vurderingar frå departementet

Statlege verksemdar kan anten vera ein del av staten eller vera fristelde som eigne rettssubjekt utan-

for staten. Departementet meiner at ingen av tilknytingsformene utanfor staten er tilpassa dei oppgaver Husbanken har. Som det sentrale gjennomføringsorganet for den statlege bustadpolitikken må Husbanken kunna styrast utover det som følgjer av generelle lovføresegner om føremål og verkeområde. Regjeringa og departementet må ha tryggleik for at Husbanken framleis utfører oppgåvene i samsvar med føresetnadene, og må ha høve til å justera praksisen om nødvendig.

Organisasjonsformer tilpassa verksemdar som driv etter forretningsmessige prinsipp, til dømes aksjeselskap og statsføretak, passar difor ikkje for Husbanken. Husbanken kan heller ikkje organiserast som eit stiftingliknande organ, då desse er særprega av ein høg grad av sjølvstende. Heller ikkje særlovsselskap er ein eigna tilknytingsform, då behovet for politisk styring av Husbanken går utover det som er naturleg for slike selskap.

Departementet bør framleis kunna styra den statlege bustadpolitiske verksemda i samband med tildeling av budsjettmidlar. Departementet meiner at det ikkje er grunn til å endra dei økonomiske fullmaktene til Husbanken i forhold til budsjettet, og dette gjer òg forvaltningsbedriftsforma uaktuell.

Departementet har difor føreslått at Husbanken skal vera eit forvaltningsorgan underlagt statsråden og departementet. Dette samsvarer best med den faktiske situasjon i dag og vil medføra at Husbanken vil ha same tilknytingsform som ein samanliknbar institusjon: Statens lånekasse for utdanning. Det er foreslått at tilknytingsforma kjem fram i ein eigen paragraf i lova.

7.5 Konsekvensar av at Husbanken vert eit forvaltningsorgan

Dersom Husbanken skal vera eit forvaltningsorgan, vil dei vanlege føresegnene om organisering og leiing av slike organ gjelda for Husbanken. Dette påverkar kor mykje som skal fastsetjast i lova.

Som forvaltningsorgan vil departementet ha rett til å instruera Husbanken, sjølv om det ikkje vert fastsett i lova. Dette gjeld òg for organisering og lokalisering av Husbanken. I den grad endra organisering får konsekvensar for budsjett, vil dette uansett verta handsama i Stortinget. Departementet meiner at det likevel kan vera føremålstenleg at lova tydeliggjer instruksjonsretten på dette området. Det er difor føreslått at lova skal fastsetja at Husbanken skal ha eit hovudkontor og at departementet kan fastsetja at Husbanken skal

ha regionkontor og kor kontora skal liggja. Dette er ikkje til hinder for at leiinga i Husbanken kan gjevast ansvar for organisering og resultat.

Som eit statleg forvaltningsorgan vil Husbanken vera ein del av staten, både juridisk og økonomisk. Husbanken skal framleis finansierast over statsbudsjettet, på same måten som i dag. Når leiinga disponerer over midla i verksemda, er det midla til staten som vert disponerte. Som eit statleg forvaltningsorgan vil ikkje Husbanken ha bruk for eigenkapital som grunnfondet var meint å vera. Dei same prinsipielle vurderingane gjer seg òg gjeldande for risikofondet. Så lenge Husbanken er eit statleg forvaltningsorgan, vil overordna organ kunna fastsetja korleis tapsfullmakter skal gjevast, utan at dette følgjer av lov. Departementet føreslår difor at lova ikkje skal ha føresegnar om grunnfond og risikofond. Spørsmålet om Husbanken skal ha fond vil verta vurdert uavhengig av lovarbeidet.

Den store økonomiske aktiviteten i Husbanken medfører omfattande rekneskaps- og kontrollarbeid. Som statleg forvaltningsorgan følgjer Husbanken dei føresegnar og retningslinjer for rekneskap og revisjon, som elles gjeld i staten. Føresegnene for økonomistyring i staten har departementet felt ned i ein særskild økonomiinstruks for Husbanken. Departementet ser ikkje behov for å endra praksisen på dette området. Det er ikkje lenger behov for særeigne lovreglar om rekneskap, revisjon og kontroll, og slike føresegnar er difor ikkje føreslått vidareført i den nye lova.

Den forretningsmessige oppfølginga av låneforholda til Husbanken fører med seg at ein del saker må handsamast av rettsapparatet. Det følgjer i dag av juridisk teori og praksis at Husbanken opptrer som part i rettssaker, som eit eige rettssubjekt. Som forvaltningsorgan vil utgangspunktet vera at det er staten v/ departementet som opptrer som part. Departementet føreslår ein heimel i lova, som gjev Husbanken rett til å opptre som part på vegner av staten i desse søksmåla. Rettssakene har eit omfang og karakter som gjer at det ikkje er nødvendig og føremålstenleg å involvera departementet. Vidare tilseier krav til rask gjennomføring av sakene at det ikkje er ynskjeleg å bruka tid på å innhenta fullmakter frå departementet i konkrete saker. Ein heimel i lova vil òg gjera det klart for partar, namsmenn og domstolar at Husbanken kan opptre som part på vegner av staten. Departementet ynskjer likevel ikkje å gje frå seg all mynde, men vil ha høve til å ta stillinga som part sjølv i saker kor det vil vera føremålstenleg. Det er difor føreslått ei føresegn som gjev heimel for departementet til å kunne opptre som part i enkelte saker.

Reglane i forvaltningslova, offentleglova, tenestemannslova og tenestetvistlova vil gjelda for Husbanken. Når det gjeld føreseigna i forvaltningslova

om klage, er dette òg omtale nedanfor under punkt 11.

8 Leiing av Husbanken

8.1 Gjeldande rett

Ifølgje gjeldande lov er det hovudstyret som leiar Husbanken. Lova seier òg at styret forpliktar banken ved underskrift av to styremedlemer og løyver lån. Hovudstyret har ansvar for rekneskap og skal avleggja rapportar til departementet. Det er òg hovudstyret som fastset formular for pantobligasjonar.

I medhald av særskild instruks, gjeve av departementet 29. juni 2001, skal hovudstyret leia Husbanken innanfor dei lover, budsjett, forskrifter, reglement, retningslinjer og instruksar som vert vedtekne av Stortinget, Kongen og departementet. Styret fastset retningslinjer for verksemda, medrekna instruks for regionstyra. I saker av større prinsipiell interesse gjev hovudstyret fråsegn på vegner av banken.

Lova fastset at Husbanken har ein administrerende direktør som vert utnemnd av Kongen i statsråd. Direktøren er direkte underlagt departementet gjennom tilsetjingsvilkår, og dette innskrenkar rolla til hovudstyret vesentleg. Det kan mellom anna ikkje seia opp eller gje direktøren avskjed. Det vert halde årlege kontraktsmøte mellom departementsråden og direktøren.

I praksis held Kommunal- og regionaldepartementet seg dels til hovudstyret og dels til administrasjonen. Tildelingsbrev til Husbanken er stila til hovudstyret, og det vert årleg halde eit møte mellom politisk leiing og hovudstyret. I tillegg vert det kvart kvartal halde formelle styringsmøte mellom embetsverket i departementet og administrasjonen i Husbanken. Den «daglege kontakten» finn stad mellom departementet og administrasjonen i Husbanken.

Handlefridommen til hovudstyret er i praksis avgrensa av di all aktivitet i Husbanken er avhengig av finansiering over statsbudsjettet. I realiteten har ikkje hovudstyret dei funksjonane og fullmaktene som vanlegvis er lagt til eit styre.

8.2 Høyringsutkast frå departementet

Departementet føreslo å avvikla hovudstyret i Husbanken. Det vart peikt på at den gjeldande organiseringa ikkje gjev nødvendig avklaring av ansvars- og rollefordelinga mellom hovudstyret, administrerende direktør og departementet. Sjølv om denne modellen har fungert bra, meinte departementet at dette er ei uklar mellomløysing som ikkje bør førast vidare. Den politiske styringa av Husbanken vert meir ryddig utan eit styre.

Det vart føreslått ei føresegn om at Husbanken skal leiast av ein administrerende direktør som vert utnemnd av Kongen i statsråd. Direktøren vil då fullt og heilt vera lagt direkte under instruksjonsretten til statsråden og departementet.

8.3 Merknader frå høyringsinstansane

Finansnæringens Hovedorganisasjon er einig i at gjeldande lov gjev ein uklar modell for ansvarsforholda mellom hovudstyret, direktør og departementet og gjev sin tilslutning til forslaget. *Fornyings- og administrasjonsdepartementet* og *NBBL* støttar òg forslaget om avvikling av styrestrukturen.

Husbanken ved sitt hovudstyre går i mot forslaget og viser til vurderingane i St.meld. nr. 23 (2003-2004) om Boligpolitikken (bustadmeldinga), der det vart konkludert med at styra skulle oppretthaldest. Hovudstyret har ansvaret for den overordna politikkutforminga som skjer i Husbanken. Styret har ei viktig rolle som diskusjonspartnar for administrasjonen – både til inspirasjon og til korrigering.

Husbanken har lang erfaring for at partane har forståing for rollene og respekt for rollefordelinga. Det har ikkje vore problem knytte til ansvars- og instruksjonsforholda. Innafor ei særlov er det fullt mogleg å ha klare forhold og samstundes halda på styrefunksjonen. Vidare meiner Husbanken at det kan skapa ulemper for departementet å ha ei slik nærheit til enkeltsaker som instruksjonsretten uvilkårleg opnar for.

Husbanken meiner prinsipalt at styremodellen bør oppretthaldast.

Justisdepartementet meiner at dei to paragrafane om leiing og organisering kan slåast saman.

8.4 Vurderingar frå departementet

Det følgjer av dei vanlege prinsippa for forfatninga at forvaltningsorgan i utgangspunktet bør høyra direkte under avgjerdsmakta og ansvaret til statsråden – også konstitusjonelt. Eit styre vil kunna representera eit ekstra styringsnivå og kan gjera styringsrelasjonane uklare.

Dette er òg tilrådingar som er gjevne i rettleiinga «Bruk av styre i staten», utgjeve av Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) i juni 2006. Som hovudregel bør det ikkje vera styrer for forvaltningsorgan. Styrer må berre nyttast i særlege høve og då ut i frå ei kritisk vurdering av styringsbehova til departementet, verksemda si karakter, statsråden sitt konstitusjonelle ansvar og om eit styre vil gie meirverdi og betre styring.

Husbanken er ein sentral premissgivar for utforming og gjennomføring av den statlege bustadpolitikken. Banken forvaltar viktige verkemiddel. Dei politiske styresmakter har eit stort behov for å kunna styra, både når det gjeld dei faglege og dei økonomiske prioriteringane. Både Regjeringa og statsråden må vera trygge på at Husbanken utfører oppgåvene i samsvar med dei føresetnader som styresmaktene gjev. Dette gjer at departementet må ha ei tett oppfølging, og det føreset hyppig og nær kontakt mellom departementet og administrasjonen i Husbanken.

Vidare er all verksemd i Husbanken finansiert over statsbudsjettet. Departementet gjev omfat-

tande og detaljerte føringar gjennom tildelingsbrev. Eit styre vil såleis ikkje ha dei funksjonane og fullmaktene som vanlegvis er lagt til eit styre. Husbanken må til dømes kunna involverast i forkant av prosessane for statsbudsjettet og ved utforming av regelverket for dei enkelte ordningane. Tilsvarande vil ein i gjennomføringa av politikken kunna ha behov for direkte og aktiv styring, til dømes ved detaljering av dei retningslinene som gjeld for løyving av lån og tilskot og i fordeling av rammer. Det vil òg vera behov for ei fortløpande styring av pådrivarverksemda overfor andre aktørar. I slike prosessar vil eit ekstra styringsledd vera kompliserande. For at departementet skal kunna styra Husbanken politisk, er det difor naturleg at Husbanken ikkje skal leiast av eit styre.

Departementet meiner òg at dei faste rammene for administrering av forvaltningsorgan, gjer at eit styre vil ha avgrensa handlefridom. Styret vil heller ikkje vera nær den daglige drifta og vil i liten grad kunna påverka kostnadseffektiviteten i Husbanken.

Alt i alt meiner departementet at den beste løysinga er at Husbanken vert leidd av ein direktør som i alle forhold høyrer direkte under avgjerdsmakta og ansvaret til statsråden. Statsråden vil ha det fulle konstitusjonelle ansvaret for verksemda. Husbanken bør difor ikkje ha eit styre med avgjerdspekt, og ordninga med hovudstyre vert føreslått avvikla.

Forslaget frå Justisdepartementet om å slå saman føresegnene om organisering og leiing er følgt opp i lovforslaget. Det er føreslått ei føresegn om at Husbanken vert leidd av ein administrerande direktør. Direktøren skal framleis verta utnemnd av Kongen i statsråd.

9 Regionale råd

9.1 Gjeldande rett

Lova fastset at kvart regionkontor skal ha eit regionstyre. Styremedlemene vert utnemnde av departementet for fire år om gongen. Det er ikkje regulert i lova kva slags kvalifikasjonar medlemene skal ha. I praksis vert det ved utnemninga lagt vekt på ei balansert geografisk og partipolitisk tilhørsle, samt oppfølging av krava til balansert representasjon av begge kjønn.

Regionstyra treffer vedtak om lån og tilskot innfor rammene av dei fullmaktene, retningslinjer og instruksar, som vert gjevne av hovudstyret. Hovudstyret kan òg gje regionstyra fullmakt til å treffa vedtak i andre saker.

Regionstyra har òg roller som ikkje kjem fram i lova, mellom anna som kommunikator ovafor kommunane og som dialogpartner for regiondirektøren.

Styra har ikkje fullmakter og ansvar knytt til administrering av regionkontora.

9.2 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo at dagens regionstyre vert erstatta med regionale råd. Råda skal vera rådgjevande organ og ikkje ha avgjerdsfullmakter. Dei skal vera bindeledd til andre aktørar, spesielt ovafor kommunane, og på denne måten hjelpa til med utvikling og gjennomføring av bustadpolitikken. Medlemene vil kunna vera betre målberarar mot dei politiske nivåa i kommunane enn dei regionale administrasjonane i Husbanken.

Gjeldande prinsipp for utnemning av medlemmer vart føreslått vidareførte, og departementet skal fastsetja nærare mandat, samt utnemna medlemene.

9.3 Merknader frå høyringsinstansane

Finansnæringens Hovedorganisasjon, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og NBBL støttar avvikling av styrestrukturen.

NBBL støttar at det vert oppretta råd i staden for styrer, men meiner føreseigna skal seia at det «skal» og ikkje «kan» opprettast råd. Vidare meiner NBBL at kommunane kan verta den viktigaste aktørgruppa i dei regionale råda, men ynskjer ikkje at råda i hovudsak skal vera sette saman av representantar frå kommuneadministrasjonane.

Husbanken deler synet til departementet når det gjeld verdien av organ der medlemene har politisk tilhørsle. Husbanken meiner prinsipalt at styremodellen bør oppretthaldast. Dersom Husbanken skal ha råd, meiner Husbanken at han sjølv bør utnemna råda.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) ynskjer å kunna delta i dei regionale råda og føreslår at det i lovteksten skal slåast fast at dei regionale råda skal ha brukarrepresentantar. Subsidiært føreslår FFO at det nasjonale rådet skal supplerast med representantar for brukarorganisasjonane og at dette prinsippet vert innarbeid i lovteksten. Innspelet er omhandla under vurderingar knytte til sentralt råd, nedanfor.

9.4 Vurderingar frå departementet

I dag er hovudoppgåva til regionstyra å handsama og vedta søknader om lån og tilskot. I og med at hovudstyret vert føreslått avvikla, vil det heller ikkje vera naturleg med regionstyre med avgjerdsfullmakter. Den politiske styringa vil òg verta svekkja med politiske organ med avgjerdsfullmakter. Dessutan har departementet inntrykk av at regionstyra i ulik grad førestår sjølvstendige vurderingar i desse sakene.

Eit alternativ ville vera å ikkje ha politisk valde organ ved regionkontora i det heile tatt. Departementet meiner Husbanken bør ha slike organ med medlemmer som kan ha nær kontakt med dei politiske styresmaktane i kommunane. Med god innsikt i dei politiske prosessane kan dei påverka gjennomføringa av bustadpolitikken og gjera det lettare og få gjennomført bustadpolitikken lokalt. Dei kan sørgja for å overføra kompetanse og gje rettleiing til kommunane på det bustadpolitiske området. Dette vil gje verksemda til Husbanken ei brei poli-

tisk forankring lokalt. Departementet meiner at denne rolla best kan førast vidare gjennom å oppretta regionale råd.

Råda vil i tillegg kunne vera viktige bindeledd ovafor samfunnet og dei ulike brukargruppene og medverka til utvikling av bustadpolitikken. Eit råd kan òg ha ei viktig rolle som rådgivar og diskusjonspartnar for regiondirektør og administrasjon ved å tilføra ekstern kompetanse og røynsle.

Dette vert støtta av ein rapport laga av Statskonsult, Rapport 2003: 20 «Vurdering av behovet for Husbankens regionstyre». Her vert det framheva at regionstyra har viktige roller som rådgivarar og diskusjonspartnarar regionalt. Kartlegginga viser at regionstyra har – og kanskje bør få ein enda viktigare rolle – som kommunikator mot kommunane. Regionstyra si rolle som dørøpningar for Husbanken inn i kommunane og moglegheita for styret til å fungera som ein lyttepost, bør etter vurderinga til Statskonsult utviklast vidare. Vert regionstyra fråtekne fullmakter og avgjerdspekt,

vert dei kollegiale organ som berre har rådgivande funksjonar og bør få nemninga råd.

Departementet føreslår å setja saman råda på same måten som regionstyra vert satt saman i dag, med ei balansert geografisk og partipolitisk tilhørsle, samt krava til representasjon av begge kjønn. Sjølv om departementet ser at representantar for andre brukarar enn kommunane òg vil kunna koma med nyttige innspel, slik høyringsinstansane peikar på, bør slike innspel heller koma fram i eit større forum enn i dei regionale råda, jf. forslaget om eit sentralt råd i punkt 10 nedanfor.

Departementet meiner det vil vera riktig at det er departementet som utnemner medlemene og gjev mandat til råda. For det første vil det gje råda større tyngde, dessutan skal råda – i tillegg til å vera regionale råd – òg vera råd og talerøyr inn til dei sentrale myndigheiter, jf. punkt 10. I utgangspunktet bør det vera opp til Regjeringa å avgjerda organisering av forvaltningsorgana, og lova bør difor seia at departementet *kan* og ikkje *skal* oppnemna råda.

10 Sentralt råd

10.1 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo at det skal etablerast eit sentralt råd som består av alle medlemene i dei regionale råda. Rådet skal ikkje ha avgjerdsmynd, men skal formidla erfaringar og peika på behov som må følgjast opp sentralt.

Det vart føreslått at det sentrale rådet i utgangspunktet bør møtast to gonger i året. Her bør representantar for Husbanken, embetsverket og den politiske leiinga i departementet òg delta. Organisasjonar og fagpersonar kan inviterast avhengig av tema som vert handsama.

10.2 Merknader frå høyringsinstansane

NBBL føreslår at det skal koma fram i lova at det sentrale rådet skal ha representantar frå dei regionale råda. Rådet bør ha ein brei representasjon og ein bør opna for at rådet kan ha ein litt annan samansetting og funksjon enn dei regionale råda, slik at institusjonar som NBBL, BNL (Byggenæringens Landsforening) og Forbrukarrådet kan vera med.

FFO føreslår at det nasjonale rådet skal supplerast med representantar for brukarorganisasjonane og at dette prinsippet vert innarbeid i lovteksten.

Husbanken meiner det sentrale rådet bør knytast til hovudkontoret på same måten som dei regionale råda vert knytt til regionkontora. Det vert òg peikt på at mandatet for rådet må vera klart.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er einig i at bruk av råd kan forsvarast for å «formidla erfaringar som kan følgjast opp sentralt». Men FAD er i tvil om det er nødvendig å lovfesta bruken av råd i verksemda.

10.3 Vurderingar frå departementet

Departementet føreslår å vidareføra forslaget i høyringsutkastet om å oppretta eit sentralt råd. Rådet skal vera eit rådgivande organ for departementet.

Det sentrale rådet skal bestå av representantane frå dei regionale råda, som skal vera faste medlemmer. Med brei politisk samansetting vil medlemene danna eit forum for diskusjon av bustadpolitikk. Her kan oppgåver, roller og forventningar presenterast og debatterast. Med sine regionale røynsler på det bustadpolitiske området vil medlemene kunna gje viktige innspel i utviklinga av bustadpolitikken. Det er derfor viktig at dette er eit rådgjevande organ for departementet som nedfeller politikken i St.prp. nr. 1 – Statsbudsjettet. Rådet kan tre saman ein til to gonger i året, alt etter behov.

Departementet meiner det ikkje er føremålstenelig at organisasjonar, fagpersonar og andre aktørar innafor bustadpolitikken inngår som faste medlem i rådet, men ønskjer å invitera desse etter kva for tema som vert sett på dagsorden. Rådet vert på denne måten ikkje for stort, men vil vera egna til å gje eit konstruktivt engasjement omkring bustadpolitikken. Forholdet til aktuelle institusjonar og sentrale aktørar tek Husbanken vare på, bl.a. gjennom samarbeidsavtaler. Departementet held gjennom året kontakt med mange ulike organisasjonar på bustadsektoren og med brukarorganisasjonar.

Departementet ser ikkje behov for at hovudkontoret i Husbanken skal ha eit eige råd. Dei regionale råda vil nå fram til hovudkontoret og den sentrale leiinga gjennom regionkontora. I tillegg vil representantar frå den sentrale leiinga og hovudkontoret delta på møta med det sentrale rådet. Eit eige råd for den sentrale leiinga vil tvert i mot kunna svekkja rolla til dei regionale råda.

11 Klageordning

11.1 Gjeldande rett

Forvaltningslova gjeld i utgangspunktet for verksemda til Husbanken. Etter § 20 første ledd i husbanklova er enkeltvedtaka om lån og tilskot unntatte frå føresegnene i forvaltningslova om klage og omstøyting.

Med heimel i denne paragrafen er det gitt forskrift av 14. september 1992 nr. 692, som fastset at §§ 29 – 34 i forvaltningslova om sakshandsaming av klage skal gjelda, med unntak av føresegnene om klageinstans. Forskrifta fastset at det er ei særskild klagenemnd, og ikkje departementet, som handsamar klager på vedtak om løyving, utmåling, avvising og avslag på lån og tilskot.

§ 20 andre ledd slår fast at det òg er klagerett når kommunane treffer vedtak om lån og tilskot. Klagene vert handsama internt i kommunane etter dei generelle føresegnene om kommunal og fylkeskommunal klagesakshandsaming i § 28 andre ledd første punktum i forvaltningslova.

For bustønad er det òg gjort unntak frå føresegnene om klageinstans i forvaltningslova. Klager på avgjerder om bustønad vert avgjorde administrativt i Husbanken. Dette følgjer av forskrift gjeve med heimel i forvaltningslova.

Husbanken treffer òg andre enkeltvedtak – til dømes i samband med innsynskrav og i personalsaker. I desse sakene gjeld reglane i forvaltningslova fullt ut, og det er departementet som er klageinstans.

11.2 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo at føresegnene i forvaltningslova skal gjelda for enkeltvedtak om lån og tilskot, som Husbanken treffer, og at det framleis skal vera høve til å klaga på vedtaka. Det skal kunna fastsetjast forskrift om særskilt klageordning for vedtaka.

Når det gjeld klage på kommunale vedtak, vidareførde departementet føresegna om at klagene vert handsama internt i kommunane etter dei generelle føresegnene om kommunal og fylkes-

kommunal klagesakshandsaming i forvaltningslova § 28 andre ledd første punktum.

11.3 Merknader frå høyringsinstansane

Husbanken meiner at gjeldande føresegn i lova, som gjev generelt unntak frå klagereglane, bør først vidare.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet peiker på at ei grunngeving for ei nemndordning kan vera ynskje om å avlasta departementet med denne type oppgåver, spesielt når det er mange klager. Når det ikkje er mange klager, kan det vera vanskeleg å forsvara ordninga med klagenemnd berre ut i frå at behovet for nemnda kan auka – om eller viss ho får nye oppgåver.

Justisdepartementet peiker på at utkastet til føresegn har ei uklar utforming. Dette gjeld om det er nødvendig å presisera kva som skal reknast som enkeltvedtak, og om § 28 andre ledd andre punktum i forvaltningslova, om klage på vedtak som er gjort i kommunestyret, skal gjelda.

11.4 Vurderingar frå departementet

Departementet føreslår at forvaltningslova framleis skal gjelda for Husbanken og at det skal vera høve til å klaga på enkeltvedtak. Dette gjeld òg for enkeltvedtak om lån og tilskot. Departementet ser ikkje behov for eit generelt unntak frå alle føresegnene om klage og omstøyting i forvaltningslova, slik gjeldande lov fastset, og som Husbanken føreslår vidareført. Forskrifta om klagenemnda medfører at det einaste unntaket som i dag gjeld er at det er ei særskild klagenemnd som handsamar klagesakene. Sjølv om det årleg er svært få saker som det vert klaga på (9 i 2006 og 13 i 2007), og ei marginal mengd som vert omgjort (ingen i 2006 og to i 2007), tilseier likevel omsynet til rettstryggleiken at det bør vera klagerett på desse vedtaka.

Klagenemnda i Husbanken fungerer godt, men departementet ser at mengda av saker har gått ned. Noko av grunngevinga for skipinga av

nemnda kan difor seiast å ha falle vekk, slik Fornyings- og administrasjonsdepartementet hevdar. Kommunal- og regionaldepartementet har ikkje teke stilling til om det framleis skal vera eit særskild klageorgan, men vil vurdera behovet for ei klagenemnd fortløpande. Departementet bør difor stå fritt til å fastsetja om det er departementet eller ei særskild klagenemnd som skal handsama klagesakene. Det vert difor føreslått ei føresegn som gjev departementet heimel til å fastsetja forskrift om særskilt klageinstans for dei enkeltvedtak som er gjevne av Husbanken.

Det bør òg vera klagerett på vedtaka i kommunane i dei sakene der kommunane tildelar midla frå Husbanken vidare.

Husbanken og kommunane tek òg avgjerder om forvaltning av lån, som gjeld privatrettslege høve. Desse er ikkje enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett på slike avgjerder.

Departementet føreslår å forenkla føresegna om klage slik at det berre er unnataket om klageinstans for vedtaka til Husbanken, som vert tatt med i husbanklova. Når lova er klar på at Husbanken er eit forvaltningsorgan, er det ikkje nødvendig å seia at dei vanlege føresegna om klage gjeld for Husbanken. Det er heller ikkje nødvendig å seia at dei vanlege føresegnene om klage gjeld for kommunane i slike saker. Merknaden frå Justisdepartementet om § 28 andre ledd andre punktum i forvaltningslova, jf. omtala ovanfor, er tatt omsyn til slik at det ikkje er tvilsamt at denne føresegna skal gjelda.

Husbanklova vil ikkje gjelda for klage over vedtak om bustønad, som framleis vil verta handsama av Husbanken. Regelverket for handsaming av bustønadsaker vil verta vurdert i samband med ein eigen gjennomgang av denne ordninga.

12 Handsaming av husbanksaker i kommunane

12.1 Gjeldande rett

Gjeldande lov har ei føresegn om at departementet kan gje forskrifter om handsaming av husbanksaker i kommunane. At denne heimelen for forskrifter er fastsett i lova må sjåast i samanheng med at kommunelova gjev kommunane status som sjølvstendige, politisk valde og styrte forvaltningsorgan. Kommunane er, som rettsleg hovudregel, ikkje omfatta av den formelle kontrollen og instruksjonsretten til regjeringa. Pålegg til kommunane skal difor i utgangspunktet ha heimel i lov.

Husbanklova inneheldt tidlegare detaljerte føresegn om sakshandsaming av husbanksaker i kommunane, så som føresegn om husnemnder, lånesakshandsaming, takstar o.a. Dei detaljerte reglane vart oppheva i 1986. Ein vedtok ei tilføyning i lova, som i dag står i § 21 første ledd: «Departementet fastset nærare forskrifter om verksemda i banken. Forskriftene kan omfatta føresegn om kommunane si handsaming av husbanksaker.» Denne generelle forskriftsheimelen har ikkje vore nytta overfor kommunane.

Lova har òg ei føresegn om at kommunane skal ha oppgåver knytt til administreringa av bustønadssordninga, om ikkje anna er fastsett av departementet.

12.2 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo å oppheva den generelle føresegna om at departementet kan gje forskrifter om handsaming av husbanksaker i kommunane. Føresegna om bustønad vart føreslått vidareført.

12.3 Merknader frå høyringsinstansane

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Trondheim kommune støttar forslaget.

Husbanken ser ikkje bort i frå at det kan vera behov for å påleggja kommunane oppgåver/plikter

i samband med husbanksaker. Departementet bør ha ei fullmakt til å fastsetja dette i forhold til bustønadordninga. Dersom lova skal ha ein heimel for å gje forskrift om dette, meiner Husbanken at han bør gjerast open. Husbanken tilrår at den generelle heimelen til å påleggja kommunane oppgåver vert ført vidare.

12.4 Vurderingar frå departementet

Den bustadpolitiske verksemda i kommunane, som til dømes bruk av startlån, skjer i utgangspunktet på frivillig basis frå kommunane si side. Husbanken skal leggja til rette for dette arbeidet.

Departementet legg til grunn at Husbanken kan knytta vilkår til dei midlar han gjev til kommunane, utan særskild lovheimel. Vilkåra vil kunna koma fram i forskriftene og retningslinene for ordningane, samt i dei enkelte tilsegn om løyving av lån / tilskot til kommunane. Slike vilkår omfattar gjerne korleis kommunane skal gje midlar vidare til sluttbrukarar.

Andre typar statlege pålegg overfor kommunane krev heimel i lov. Dette kan til dømes vera deltaking i kartleggingsarbeid eller sakshandsamingsreglar for enkelte typar kommunale vedtak.

Regjeringa har vedteke retningslinjer for framtidig statleg regelverk retta mot kommunesektoren. Staten skal generelt sett vera tilbakehalden med å påleggja kommunane nye oppgåver og plikter.

Når det i meir enn 20 år ikkje har vore aktuelt å påleggja kommunane oppgåver knytte til Husbanken, meiner departementet at det ikkje er praktisk behov for ein heimel for dette. Departementet meiner at det ikkje føreligg sterke grunnar til at husbanklova skal ha ein heimel om å påleggja kommunane oppgåver, og gjeldande føresegn vert ikkje førte vidare i forslaget til ny lov.

Føresegna om at kommunane skal vera med å administrera ordninga med bustønad er føreslått vidareført.

13 Pålegg om lettar i eigedomsskatten

13.1 Gjeldande rett og praksis

I medhald av lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane kan kommunane skriva ut eigedomsskatt på fast eigedom. Husbanken kan med heimel i husbankloven § 12 krevja at kommunane gjev lettar i eigedomsskatten for dei eigedomar som Husbanken gjev lån til.

Heimelen har eksistert sidan Husbanken vart oppretta i 1946, og må sjåast i samanheng med at kommunestyret kan frita bygning som vert nytta til husvære for eigedomsskatt i opptil 20 år.

§ 12 er ein «kan»-regel og gjev berre Husbanken ein rett til å krevja at kommunane gjev lettar i eigedomsskatten. Departementet ga 10. april 2003 instruks om at Husbanken ikkje skal nytta retten i medhald av føresegna, og paragrafen har difor ikkje nokon praktisk verknad i dag.

13.2 Høyringsutkastet frå departementet

Departementet føreslo å oppheva føresegna som gjev Husbanken makt til å krevja at kommunen gjev lettar i eigedomsskatten.

13.3 Merknader frå høyringsinstansane

Trondheim kommune og *Finansnæringens Hovedorganisasjon* støttar at den gjeldande føresegna vert oppheva.

13.4 Vurderingar frå departementet

Departementet meiner at eigedomsskatt skal vera ein frivillig kommunal skatt. I tillegg medfører den bustadpolitiske rollefordelinga mellom staten og kommunane at staten ikkje skal bruka den kommunale eigedomsskatten som eit bustadpolitisk verkemiddel. Eigedomsskatt vil vera eit tilfeldig verkemiddel dersom føremålet er å redusera kostnadene ved etablering eller dersom føremålet er å stimulera til nybygging av bustader. Ein veit ikkje i kva grad eit fritak påverkar bustadprisane for dei aktuelle eigedomane eller generer nybygging av bustader. Vidare har ein inga oversikt over kor mykje støtte som vert kanalisert gjennom fritaket.

Departementet føreslår difor at føresegna som gjev Husbanken heimel til å krevja at kommunane gjev lettar i eigedomsskatten, ikkje vert vidareført.

14 Føresegner om låneverksemda

14.1 Gjeldande rett

I tråd med gjeldande § 9 i husbanklova finansierer Husbanken utlåna ved trekkfullmakt i konsernkon- toordninga i staten. Husbanken har ikkje lov til å låna inn frå allmenta og fell såleis utanfor EØS-definisjonen av kredittinstitusjonar. Dette er òg grun- nen til at andre reglar som gjeld for kreditt- og finansinstitusjonar ikkje gjeld for Husbanken.

§ 10 legg retten til å fastsetja og detaljera ram- mene for tilsegn av lån til regjeringa. I praksis er det likevel Stortinget som fastset rammene i bud- settvedtak.

Med bakgrunn i at lova var retta mot finansier- ing av nybygging av bustader og i den historiske posisjonen til husbanklåna i utlånsmarknaden, har lova fått føresegner om privatrettslege forhold. § 14 fastset at låna frå banken vert «utbetalt til pari kurs» og lån kan krevjast heilt eller delvis innbetalt ved misleghald av låneavtalar eller ved manglande vedlikehald av pantet.

I tillegg har lova offentlegrettslege føresegner om utlånsverksemda. Lova stiller krav om at Hus- banken skal sikra utlån og eventuelle garantiar. Det er føresegner om lånevilkår, gjeldsforhandlin- gar og ettergiving av krav, som understrekar at Husbanken har avgrensa fullmakter. Det følgjer av lova at Stortinget fastset renter og avdrag på hus- banklån. Det kjem òg fram at Husbanken kan gje utsetjing med betaling av renter og avdrag. Vidare heiter det at banken i særlege tilfelle kan delta i gjeldsforhandlingar.

14.2 Høyringsutkastet frå departe- mentet

Departementet føreslo at lova skal seia at verk- semda til Husbanken vert finansiert ved løyvingar over statsbudsjettet og ved lån frå staten.

Vidare føreslo departementet ei føresegn om at Stortinget skal fastsetja reglar for rentevilkår. Dette er ei forenkling frå gjeldande lov, men inne- ber ikkje endringar i gjeldande praksis. Det vart føreslått ei ny føresegn om at det skal fastsetjast

forskrift om utlånsvilkår. Fullmaktene til å sletta krav var føreslåtte omformulerte.

Departementet føreslo at lova framleis skal ha føresegner om at det kan gjevast utsetjing med inn- betaling på lånet og at Husbanken kan delta i gjeldsforhandlingar. Vidare føreslo departementet ei føresegn om at Husbanken kan ettergje krav som ikkje kan drivast inn.

14.3 Merknader frå høyringsinstansane

Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til forslaga.

14.4 Vurderingar frå departementet

Departementet meiner det er nødvendig at lova framleis klarer av at Husbanken ikkje skal kunne ta innlån eller innskot frå allmenta. Dette fordi han skal falla utanom EØS-definisjonen av «kredittinsti- tusjon» og dermed òg frå andre reglar som gjeld for kreditt- og finansinstitusjonar. Det vert difor lagd opp til at det framleis skal koma fram i lova at Husbanken vert finansiert over statsbudsjettet.

Finansavtalelova gjeld for Husbanken, og pri- vatrettslege lånevilkår vert fastsette i låneavtalar. Departementet ser difor ikkje behov for at hus- banklova skal ha spesielle reglar som grip inn i det privatrettslege forholdet mellom Husbanken og låntakarane, og gjeldande føresegner om dette vert ikkje vidareførte i ny lov.

Fullmakter til å fastsetja dei lånevilkåra som Husbanken tilbyr bør, etter departementet sitt syn, forankrast i lova. Lovforslaget om utlån understre- kar at Husbanken har avgrensa fullmakter.

Departementet føreslår at lova framleis skal ha føresegner om at Stortinget skal fastsetja reglar for rentevilkår. Forslaget føreset at det skal utarbeidast ny forskrift om dei tilbakebetalingsvilkåra som brukarane vert tilbodne. Forskrifta skal gje ei klar rettsleg forankring og ein meir uttømmande oversikt over tilbakebetalingsvilkåra, og verta basert på Stortinget sine vedtak om prinsipp for rentefastsetjing. Det vil framleis vera aktuelt at

Husbanken får fullmakt, til dømes til å fastsetja vilkår for avdrag.

Gjeldsforhandlingar er eit godt innarbeidd verkemiddel for låntakarar med varige betalingsproblem. Forhandlingane kan føra til at låntakar beheld bustaden, samtidig som risiko for tap for Husbanken vert redusert. Gjeldsforhandlingar vil alltid vera grunnngjevne i spesielle forhold, og det synast difor unødvendig og lite avklarande at lova stiller krav om at det skal vera «særlege grunnar» for å delta i slike forhandlingar. I tråd med dei føresegnene som gjeld for Lånekassen, vert det foreslått at lova ikkje lenger skal innehalda eit slikt vilkår for at Husbanken skal kunna delta i gjeldsforhandlingar.

§§ 14 og 19 i gjeldande husbanklov, som gjev Husbanken heimel til å ettergje fordringar som skriv seg frå lån og tilbakebetalingskrav for tilskot, er foreslåtte slått saman. Det er gjort ei språkleg

endring ved at «uerholdelige fordringar» vert omtala som krav som ein må rekna med at det ikkje er mogeleg å driva inn. Husbanken følgjer føresegnene om økonomistyring i staten og kan etter desse òg la eit krav liggja utan å ettergje kravet. Tapa til Husbanken vert omtala i budsjettproposisjonane.

Av di krav om sikring av utlån og eventuelle garantiar kjem fram i forskriftene for alle utlånsordningar, kan gjeldande føresegner om dette takast ut av lova. Det er i utgangspunktet regjeringa si oppgåve å fastsetja korleis staten sine midlar skal sikrast, jf. § 19 i Grunnlova. Eventuelt kan slike vilkår fastsetjast i budsjettvedtaka i Stortinget.

Det er ikkje behov for føresegner om kven som skal fastsetja formular for pantobligasjonar. Gjeldande føresegn om at hovudstyret skal fastsetja dette er difor foreslått tatt ut av lova.

15 Økonomiske og administrative forhold

Lovforslaget legg ikkje opp til materielle endringar i verkemidla. Dei økonomiske rammene til Husbanken, medrekna rammer for lån, tilskot og anna støtte, vert omtala i St.prp. nr. 1 og vert vedtekne av Stortinget i dei årlege budsjetta.

Overgang frå regionstyre til regionale råd vil ikkje få økonomiske følgjer. Avviklinga av hovudstyre i Husbanken vil kunna redusera dei adminis-

trative ugiftene. Noko av denne reduksjonen vert veid opp ved utgifter i samanheng med at medlemene i dei regionale råda vert samla i eit sentralt råd to gonger i året.

Ei lovendring som inneber at fonda skal bestå, men at husbanklova ikkje skal omhandla dette, vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

16 Merknader til føresegnene

Til § 1

Paragrafen omhandlar dei oppgåvene Husbanken skal ha og som er omtala i punkt 5 ovanfor.

Første ledd fastslår at Husbanken skal fremja bustadføremål i samsvar med overordna retningsliner. Det skal vera ei vid forståing av kva som ligg i dette føremålet. I tillegg til bustadpolitikken kan dette omfatta element frå andre politikkområde, blant anna verksemda som gjeld betre kvalitet i bygg, byggjeskikk og område- og stadutvikling.

Andre ledd omhandlar verkemidla til Husbanken. For det første skal Husbanken forvalta bustadnad, låne- og tilskotsordningar. «Lån» vil òg kunne omfatta byggjelån. Omgrepet «forvalta» dekkjer alle deloppgåver både før og etter at lån og støtte vert gjeve. Det kan fastsetjast forskrifter for verkemidla, jf. siste ledd. Føremålet til dei enkelte verkemidla som Husbanken forvaltar skal koma fram i forskriftene.

Husbanken skal vera eit kompetansesenter innanfor det bustadpolitiske området, ved å medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat.

I tredje ledd vert det gjeve heimel for å påleggja Husbanken andre oppgåver. Dette kan mellom anna vera oppgåver på andre politikkområde, til dømes som i dag å forvalta ordningar for bygging av barnehagar, omsorgsbustader, studentbustader med vidare.

Det siste leddet i paragrafen understrekar departementet sitt overordningsforhold, jf. òg § 3 og merknadene til denne paragrafen.

Til § 2

Paragrafen slår fast at lova i utgangspunktet vil gjelda for Svalbard. Departementet kan gje særlege reglar ut ifrå tilhøva på staden. For den gjeldande lova er slike reglar i forskrift av 23. juli 1976 nr. 3829.

Til § 3

Paragrafen avklarar den rettslege statusen til Husbanken og departementet sitt overordningsforhold.

Som forvaltningsorgan er Husbanken rettsleg og økonomisk ein del av staten og følgjer det sentrale regelverket for statleg verksemd. Dei nærare følgjene av at Husbanken er eit forvaltningsorgan er omhandla under punkt 7.5, ovanfor.

Overordningsforholdet gir departementet rett til å instruera Husbanken. Paragrafen fastset ingen materielle avgrensingar i instruksjonsfullmakta. Departementet skal ha heimel til å gje så vel generelle instruksar som instruksar om konkrete enkeltsaker, og instruksar om så vel sakshandsaming som innhaldet av dei vedtaka Husbanken treffer. Statsråden vil vera konstitusjonelt ansvarleg for verksemda.

Departementet sitt overordningsforhold kjem òg fram av § 1 siste ledd, sjå merknadene til denne paragrafen.

Til § 4

Første ledd i paragrafen fastset at Husbanken skal ha ein administrerande direktør, og at denne skal leia Husbanken. Administrerande direktør vert utnemnd av Kongen i statsråd. Sakshandsamingsreglane i tenestemannslova gjeld. Det følgjer av § 17 i tenestemannslova at eventuell oppseiing av direktøren òg skal skje i statsråd.

Departementet er næraste overordna til direktøren og har dei styringshøva som følgjer av arbeidsgivar sitt overordningsforhold.

I andre ledd vert det presisert at Husbanken skal ha eit hovudkontor. Dette er ei vidareføring av gjeldande rett.

Tredje ledd gjev departementet avgjerdsmynd til å oppretta regionkontor og fastsetja lokalisering av desse. Vidare er det gjeve heimel for departementet til å oppnemna regionale råd for kvart regionkontor. I tillegg kan det opprettast eit sentralt råd med representantar frå dei regionale råda. Det er opp til departementet å setja saman råda og fastsetja funksjonane til råda.

Til § 5

Første ledd gir Husbanken heimel til sjølv å opptre som part i søksmål som gjeld verksemda. Dette er i samsvar med gjeldande ulovfesta praksis. Av di

Husbanken no vert eit forvaltningsorgan, er det viktig at partsevna vert gjort klar i lova.

I medhald av andre leddet kan departementet likevel sjølv opptre som part i staden for Husbanken.

Til § 6

Forvaltningslova gjeld for Husbanken, og det kan klagast på enkeltvedtak til Husbanken. Dette omfattar mellom anna vedtak om tildeling, utmåling, avvising og avslag på lån eller tilskot. Det kan òg klagast i dei sakene der kommunane vidaretildelar midla frå Husbanken. Forvaltning av lån vert sett på som oppfølging av privatrettslege forhold, som fell utanfor føresegna om klage og omstøyting i forvaltningslova.

Det følgjer av forvaltningslova at departementet, som overordna organ, er klageinstans for dei enkeltvedtaka som er fatta av Husbanken. Paragrafen i husbanklova gjer at det kan fastsetjast forskrift om anna klageinstans for enkeltvedtaka. For tida vert klager på vedtak om lån og tilskot behandla av ei klagenemnd.

Det er ikkje fastsett særlege reglar om handsaming av klager på vedtak i kommunane om vidaretildeling av lån og tilskot frå Husbanken. Klagene vert handsama i kommunane etter føresegna i forvaltningslova.

Til § 7

Paragrafen om finansiering legg opp til ei vidareføring av gjeldande § 9 og praksis. Paragrafen presiserer at verksemda i Husbanken fullt ut er finansiert over statsbudsjettet. Husbanken kan ikkje ta imot lån frå andre enn statskassa og fell såleis utanfor den definisjonen av kredittinstitusjonar, som følgjer av EØS-regelverket og finansieringsverksemdlova.

Til § 8

Paragrafen omhandlar rammevilkår som gjeld for utlånsverksemda i Husbanken.

Første ledd er ei vidareføring av gjeldande rett om at dei lånevilkåra som vert tilbodne skal fastsetjast med heimel i stortingsvedtak. Dei privatrettslege forholda mellom Husbanken og låntakarar vert ikkje regulerte direkte av føresegna, men vil koma fram i låneavtalar med vidare.

Andre ledd gjev departementet heimel til å fastsetja meir detaljerte lånevilkår og å fastsetja reglar om gebyr.

Tredje ledd er ei vidareføring av gjeldande rett, som gjev Husbanken høve til å gje debitor utsetjingar med betaling. Husbanken kan òg delta i gjeldsforhandlingar. Dette gjeld både rettslege og utanomrettslege gjeldsforhandlingar.

Til § 9

Paragrafen er ei vidareføring av føresegner i gjeldande §§ 14 og 19. Stortinget gjev i lova Husbanken ein eigen heimel til å ettergje statlege krav slik «Bestemmelser om økonomistyring i staten», fastset 12. desember 2003, legg opp til. Det er ikkje meint å endra dei materielle vilkåra for å ettergje dei økonomiske krava. Ifølgje gjeldande rett skal det framleis vera eit vilkår at debitor manglar evne til å betala, og at kravet til Husbanken overstig verdien av pantet, slik at kravet må seiast å vera tapt.

Eit krav kan òg ettergjevast dersom kostnadene ved innkrevjing overstig forventa innbetaling. Husbanken skal elles følgja dei sentrale statlege reglane på dette området. Også krav om tilbakebetaling av bustønad vert omfatta av paragrafen.

Til § 10

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande § 16 og medfører ikkje endringar i gjeldande rett. Føresegnene er omsatt til nynorsk, og det er gjort ei retts-teknisk gjennomgang.

Til § 11

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande § 17 og medfører ikkje endringar i gjeldande rett. Føresegnene er omsatt til nynorsk, og det er gjort ei retts-teknisk gjennomgang.

Til § 12

Paragrafen er ei vidareføring av gjeldande § 18 og medfører ikkje endringar i gjeldande rett. Føresegnene er omsatt til nynorsk, og det er gjort ei retts-teknisk gjennomgang.

Til § 13

Paragrafen omhandlar ikraftsetjing av lova og verk-nadene for forskrifter som gjeld på tidspunktet for ikraftsetjing.

Kommunal- og regionaldepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
lov om Husbanken.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjera vedtak til lov om Husbanken i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om Husbanken

§ 1 Oppgåver

Husbanken skal fremja bustadføremål i samsvaret med overordna retningslinjer.

Husbanken skal forvalta bustønad og låne- og tilskotsordningar og medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat innanfor sitt saksområde.

Departementet kan gje Husbanken andre oppgåver, medrekna å forvalta ordningar på andre område.

Departementet kan gje forskrifter om verksemda og verkemidla til Husbanken.

§ 2 Verkeområde

Lova gjeld på Svalbard. Departementet kan fastsetja særlege reglar ut i frå tilhøva på staden.

§ 3 Tilknyting til staten

Husbanken er eit statleg forvaltningsorgan underlagt departementet.

§ 4 Leiing og organisering

Husbanken vert leidd av ein administrerande direktør som vert utnemnd av Kongen i statsråd.

Husbanken skal ha eit hovudkontor.

Departementet kan fastsetja at Husbanken skal ha regionkontor og kor dei skal liggja.

Departementet kan utnemna eit regionalt råd for kvart regionkontor. Det kan opprettast eit sentralt råd med representantar frå dei regionale råda. Departementet fastset mandat for råda.

§ 5 Partsevne

Husbanken opptrer som part på vegner av staten i søksmål som er knytte til verksemda.

Departementet kan i enkelte saker overta utøving av partsstillinga.

§ 6 Klage

Departementet kan fastsetja forskrift om særskild klageinstans for enkeltvedtaka til Husbanken.

§ 7 Finansiering

Verksemda og verkemidla til Husbanken vert finansierte ved løyvingar over statsbudsjettet og ved lån frå staten.

§ 8 Utlån

Lån i Husbanken vert forrenta etter føresegner som Stortinget fastset.

Departementet gjev forskrifter om tilbakebetaling av lån, rentesatsar, gebyr, o.l. Departementet kan òg fastsetja føresegner om gebyr i tilknyting til etablering og forvaltning av lån.

Husbanken kan gje utsetjing av betaling av renter og avdrag. Husbanken kan delta i gjeldsforhandlingar.

§ 9 Ettergjeving av krav

Husbanken kan ettergje krav om å betala tilbake lån, tilskot eller stønad, som ein må rekna med at det ikkje er mogeleg å driva inn.

§ 10 Rett til statleg bustønad

Etter retningslinjer som vert fastsette av Stortinget, skal det gjevast bustønad til personar som bur i visse grupper av bustader og som buutgiftene verkar særleg tyngjande for.

Utgiftene til bustønad vert dekte av staten og eventuelt av kommunane etter retningslinjer som Stortinget fastset.

Stønadsordninga vert administrert av Husbanken og kommunane, om ikkje anna er fastsett av departementet. Departementet kan gje føresegner om at huseigarar skal medverka ved søknadshandsaming, kontroll og utbetaling.

§ 11 Overføring av krav på bustønad

Uforfallen fordring på bustønad kan berre overførast til kommunal styresmakt. Føresetnaden er at det vert gjeve tilskot til dekning av buutgifter for same tidsrom. Det same gjeld overføring av bustønad til dekning av lån eller avdrag og renter på lån som skal dekkja buutgifter.

Når særlege grunnar tilseier det, kan departementet samtykkja i at ein kommune trer inn i ret-

ten til bustønad, utan at det vert henta inn erklæring om overføring frå den som har rett til stønad. Føresetnaden er at kommunen gjev ytingar lik dei som er nemnde ovanfor.

§ 12 *Utlevering av opplysingar*

Når allmenne interesser tilseier det, kan departementet ved forskrift eller ved samtykke i dei enkelte tilfella fastsetja at opplysingane i bustønadregisteret kan brukast av anna offentleg styres-

makt. Føreseigna om teieplikt i forvaltningslova gjeld elles.

§ 13 *Ikraftsetjing o.a.*

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

Frå same tid vert lov 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank oppheva.

Forskrifter gjevne i medhald av lov 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank gjeld òg etter at lova her tek til å gjelda.
